

Til lukke med dagen!

12.02.2012



Til lukke med dagen, vi feirar med puppa på magen!
Denne helsinga er i dag å finna på brua. supplert med rundt 70 brukte bh-ar, festa som guirlander på begge sider.

Med andre ord var det, som mange trudde - bh-gimmicken hadde noko med morsdagen å gjera. Dei brukte bh-ane vart innlevert på SPAR laurdag og oppslutnaden var som ein forstår stor.



Utan at uskedalen.no har laga nokon form for gallup, har vi grunn til å tru at gimmicken har fått positiv mottaking av begge kjønn.

Ein relativt ung mann har i alle fall denne spontane kommentaren: - Ein frisk markering, det er flott at det fins spreke jenter i bygda som finn på noko slikt! Eg sluttar meg fullt og heilt til gratulasjonen.

Kven det var som fant på det? Spelar det nokon rolle?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen